

## Frå leiaren

### GODE MEDLEMMER OG BONDEVENER.

Eit nytt år er omme og det er tid for å sjå om ein som tillitsvald har grunn til å vera nögd med seg sjølv eller ikkje. Til alle som har vore medspelarar, er det naudsynt å koma med ein stor takk. Me hugsar alle biletet av Lars Peter på leiarmøtet 2008 der ”Landbruk på dagsorden” vart presentert. Det lyste engasjementet frå heile mannen og engasjementet heldt han gjennom heile året han var tilsett i Oslo.

Det var idemyldring på dette leiarmøte der ein skulle koma med framlegg på aktivitetar i lokallaga. Ein del av desse vart gjennomførde med stort hell. Tusen takk for det. Byfolk i Bergen er ikkje lette å få engasjerte i bondearbeidet med mat og matpolitikk, men på aksjonsdagen vart resultatet bra - særleg på NHH. Der fekk ein det øvre laget av tilsette ”på bana” med stort hell. BT har hatt stor artikkelserie om mat og matsituasjonen i verda. Eg vonar denne vert brukta flittig, særleg i skulane i landet. Det er gjennom dei unge me bør lukkast med å ta vare jord, luft og vatn for framtidige bønder og forbrukarar.

Hordalandsbonden er ikkje av dei som har det feitast her i landet og det er her arbeidet bør setjast inn. NILF-meldinga om ”Verdiskapinga i landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane” gav få positive utsegn om utviklinga i fylket. I høve til bønder i resten av Noreg er me taparar og i høve til arbeidstakarar ligg me mykje tilbake i inntekt.

Arbeidet er i gang. Me har hatt leiinga i Norges Bondelag på rundtur i fylket og nabofylket sist haust. Dei vart fortalte om arbeidet som må til med små areal der det er vått og ofte bratt, og at det ikkje er lett å tena pengar på å vera bonde her slik tilhøva er. Vi har eit samarbeid med dei to fylka nordom oss for å koma med nokre felles krav føre tingingane. Me er einige om at det er mjølkeproduksjonen og grovfôrproduksjonen som må i fokus og me prøver finna nokre felles ”knagger” å fronta vidare.

Hordaland fylke og Voss er bustaden til den nye leiaren i Norges Bondelag. Det er grunn til å gratulera Nils med dette vervet. Nils er synleg og klar og gjer ein god jobb for bønder i heile landet. Han oppfordra oss til å finna nokre felles krav frå Vestlandet til tingingane 2010 om me skal få grunn til å bli høyrde. Dette må gje frukter meinte han og me vonar sterkt på det same på vegne av oss alle!

Om eg har lukkast eller ikkje, vil for all tid og for ulike grupper av dykk vera eit diskusjonsspørsmål. Eg og me har gjort det me kunne. Eg vil takka alle av dykk i styret og på kontoret som har gjort meg betre gjennom året. Me ser framover til nye utfordringar og vonar på styrke til å møta dei. Med eit godt leiarkorps i lasset og andre aktive medlemmer som støttar, er me godt rusta til oppgåvene meinar eg. Ferie blir det ikkje, men full fart framover! Lukke til alle i bonden og matprodusenten si teneste!

Marta Bjørgum Meland

## Styret i Hordaland Bondelag 2009

Verv	Namn og adresse	Tlf/ mobil/e-post
Leiar:	Marta Bjørgum Meland, 5773 Hovland	53 66 18 01 / 976 68 788 <a href="mailto:marta.meland@lofthus.no">marta.meland@lofthus.no</a>
Nestleiar:	Lars Istad, Kinnesvegen 60, 5700 Voss	56 51 76 21 / 412 06 142 <a href="mailto:la-istad@online.no">la-istad@online.no</a>
Styremedlem:	Clara A. Hveem, Generalsvingen, 5454 Sæbøvik	53 47 41 39 / 951 54 599 <a href="mailto:clara@hveem.no">clara@hveem.no</a>
Styremedlem:	Turid Bjørndal Njåstad, Låstad, 5282 Lonevåg	56 39 24 59 / 917 65 853 <a href="mailto:turnjast@start.no">turnjast@start.no</a>
Styremedlem:	Lillian Hovstad, Hovstad, 5914 Fitjar	53 49 91 46 / 47260429 <a href="mailto:lillianhovstad@hotmail.com">lillianhovstad@hotmail.com</a>
Frå HBU:	Ingrid Tennebekk Bjørke, Bjørkev 121, 5700 Voss	90 04 63 19 <a href="mailto:hestatause@hotmail.com">hestatause@hotmail.com</a>
Frå HBK:	Liv Spilde, Bjørgav. 110, 5700 Voss	56 51 79 45 / 975 33 364 <a href="mailto:livspi@online.no">livspi@online.no</a>
1. vara:	Jostein Ljones, Tangavegen 21, 5620 Tørvikbygd	56 55 82 66 / 90 51 59 01 <a href="mailto:jostein.ljones@politikk.kvam.no">jostein.ljones@politikk.kvam.no</a>
2. vara:	Solveig Lilletvedt, Kismulvegen 63, 5229 Kalandseidet	55 91 57 87 / 480 56 594 <a href="mailto:fanabond@online.no">fanabond@online.no</a>
3. vara:	Anne Bakke Handeland, Dyngjo, 5550 Sveio	53 74 12 51 / 412 15 087 <a href="mailto:bhandela@online.no">bhandela@online.no</a>



Styret i Hordaland Bondelag

## Kontoret til Hordaland Bondelag

Post- og besøksadresse :	Fanav. 245, 5244 Fana
Telefon og fax:	55 91 88 80 /55 91 88 89
Elektronisk post:	<a href="mailto:hordaland@bondelaget.no">hordaland@bondelaget.no</a>
Internett:	<a href="http://www.bondelaget.no/hordaland">www.bondelaget.no/hordaland</a>
Bankgiro:	<a href="http://www.landbrukstunet.no">www.landbrukstunet.no</a> 9365.09.64320
Organisasjonssjef:	Geir Totland 55 91 88 83 (direkte innval) 55 10 30 35 (p)/ 996 42 600 (m) <a href="mailto:geir.totland@bondelaget.no">geir.totland@bondelaget.no</a>
Førstekonsulent:	Tore Henrik Øye 55 91 88 85 (direkte innval) 55 19 16 23(p)/ 911 27 337 (m) <a href="mailto:tore.henrik.oye@bondelaget.no">tore.henrik.oye@bondelaget.no</a>
Førstekonsulent:	Maria Makloufi Skjold 55 91 88 80 (direkte innval) 55 12 48 24 (p)/ 934 93 078 (m) <a href="mailto:maria.skjold@bondelaget.no">maria.skjold@bondelaget.no</a>

Lars Peter Taule var prosjektleiar for ”Landbruk på Dagsorden 2009” frå 1.10.08 fram 1.11.09. I denne perioden vikarierte Geir Totland som organisasjonssjef. Tore Henrik Øye vikarierte som førstekonsulent.

Frå 1.11.09 var Lars Peter Taule tilbake som organisasjonssjef, og Geir Totland som rådgjevar. Tore Henrik Øye fekk forlenga vikariatet sitt ut året for å arbeide med prosjektet ”Fra Dal til Fjell” for Norges Bondelag.



*Org.sjef Geir Totland, Jostein Hellestveit frå Hordaland Bondelag og nestleiar i SV, Audun Lysbakken i floren på Stend.*

## UTVAL OG REPRESENTASJONAR 2009-2010

### **Utval i Hordaland Bondelag**

Arbeidsutval:	Leiar, nestleiar og organisasjonssjef.
Kvinneutval:	Lillian Hovstad, Clara Hveem
Den grøne skulen/ Inn på tunet:	Solveig Lilletvedt, fylkeskontoret
EU / Internasjonalt koordinator:	Jostein Hellestveit, fylkeskontoret
Verveutval:	Lillian Hovstad, Turid Njåstad, fylkeskontoret

### **Hordaland Bondelag sin representant i (oppnemnd av styret):**

Styret i HBK:	Turid B. Njåstad	Vara: Jostein Ljones
Styret i HBU:	Anne Bakke Handeland	Vara: Lars Istad
Styret i BSF Hordaland (avvikling)	Olav Botnevik	Vara: Jostein Hellestveit
Samarbeidsrådet:	Marta B. Meland	Vara: Lars Istad
Kontaktutval – Gjensidige:	Lars Istad, org.sjef	
Stiftinga Hord.Landbr.selskap:	Marta B Meland	Vara: Clara Hveem
Innovasjon Norge, Hordaland:	Nils T. Bjørke	
Referansegruppe KSL/Matmerk:	Jostein Ljones, Anne Bakke Handeland, kontor	
Rovdyrutval:	Lars Istad	
HV-distriktsråd:	Asgeir Nøttveit	Vara: Jostein Hellestveit
Geit i Vekst:	Olav Gullbrå	
Landskap i drift:	Jostein Hellestveit	
Matfestivalen:	Org.sjef	
Vassregion Vestlandet:	Org.sjef	
Grøntutval Vestlandet:	Marta B. Meland, Terje Larssen (Ullensvang).	
Kulturlandskapsgruppa/ RMP:	Marta B. Meland, org.sjef .Vara: Lars Istad	
Råd, Arbeidstilsynet reg. Vest:	Geir Totland, (vara Olav Sande, Rogaland)	

### **Hordaland Bondelag sin representant i (oppnemnd av andre):**

Norske Lakseelver:	Bjarte Naterstad. Vara for Norges Bondelag
Valnemnda i Norges Bondelag:	Jostein Hellestveit. Vara: Clara Hveem
Styret i Norges Bondelag:	Nils T. Bjørke (leiar), Clara Hveem, (styremedlem)
Grønt samarbeid:	Solveig Lilletvedt. Oppnemnd av Norges Bondelag
Grøntutvalet i Norges Bondelag:	Marta B. Meland.

### **Hordaland Bondelag sine utsendingar til:**

Årsmøte i Hordaland Bygdekinnelag 2010:	Turid Njåstad, lokallagsmedlem
Årsmøte i Hordaland Bygdeungdomslag 2010:	Marta B. Meland, Jostein Ljones
Årsmøtet i 4H Hordaland 2010:	Jostein Ljones, Maria M. Skjold

## ÅRSMØTE HORDALAND BONDELAG 2009 (protokoll)

Hordaland Bondelag arrangerte årsmøtet på Stord hotell i Leirvik, 20. – 21. mars 2009.

### DAG 1

Varaordstyrar Inger Marie Vika opna møtet og ønskte alle velkomne. Årsmøtet song Bondesongen. Liv Kari Eskeland, ordførar på Stord, helsa årsmøtet med å snakke om bonden som identitetsskapar og kulturberar. Ho peika mellom anna på den viktige tydinga næringa vår vil ha framover.

Namneopprop vart føreteke av Geir Totland, fungerande organisasjonssjef. Helsingar frå æresmedlemmane Anna Sylvia Haukås og Kari Valland vart lese opp. Årsmøtet vedtok å sende blomehelsing til æresmedlemmane.



Ordførar Liv Kari Eskeland

#### Årsmøtesak 1

*VEDTAK:*

#### Godkjenning av innkalling

*Innkallinga vart godkjent utan merknadar.*

#### Årsmøtesak 2

*VEDTAK:*

#### Godkjenning av sakliste

*Saklista vart godkjent utan merknadar.*

#### Årsmøtesak 3

*VEDTAK:*

#### Val av to personar til å skrive under protokoll

*Øystein Brekke og Berit Karin Olde Flatekvål vart valde.*

#### Leiaren sin tale, ved Marta Bjørgum Meland.

Moment: Matproduksjon lokalt og globalt, ”Landbruk på Dagsorden”, jordvern, lokallaga som spydspiss i bondelagsarbeidet, døme på godt lokallagsarbeid, (Nordhordland, Bergen og Kvam), økonomien til bonden, den negative utviklinga for hordalandsjordbruket, rekrutteringa til næringa, jordbruksforhandlingane og marknadsordningane.

Følgjande tok ordet etter talen: Jostein Ljones (Tine Meieriet Vest) , Lene Marie Hustveit, Åse Vaag (FMLA-Hordaland) og Rasmus Tore Stople (Nortura).

Tema som kom opp: Utfordringar for samvirket, politiske rammevilkår for å drive landbruk i Norge, rekruttering, samarbeid for å løfte vestlandsjordbruket, HMS og samarbeid med FMLA-Hordaland.

**Matpolitisk debatt.** Ikkje del av det ordinære årsmøtet.

**Bondevettpisen** til Norges Bondelag vart tildelt Bergens Tidende, ved Sjur Holsen.

## Årsmelding 2009

### Open post:

- ”Landbruk på Dagsorden 2009”, v/ Nils T. Bjørke /Lars P. Taule.
- Samarbeid mellom skuleverk og landbruk i Nordhordland, v/ Reidar Konglevoll.
- Prosjekt ”Småkraft som næringsveg”, v/ prosjektleiar Terje Engvik.

### Årsmøtemiddagen:

- Brita og Jegvan Jensen fra Voss fekk tildelt årets HMS-pris.
- Jostein Hellestveit fekk takk for lang og tru teneste i Hordaland Bondelag.
- Inger Marie Vika fekk utmerking for mange gode tips til fylkeslaget sin nettside.
- Maria Skjold og Tore Henrik Øye synte biletet frå bondelagsåret 2008.



*Brita Dagstad Jensen og Jegvan Jensen fekk tildelt årets HMS-pris av Tor Egil Lie frå Gjensidige og Lars Istad frå Hordaland Bondelag.*

### DAG 2

#### ”Jordbruksforhandlingane – Strategi og tiltak”, v/ Nils T. Bjørke.

Moment i innlegget: Historisk tilbakeblick, dagens situasjon, justeringsforhandlingane og jordbruksforhandlingane 2009. Spørsmål frå Jostein Ljones og Marta Bjørgum Meland.

### Open post

Følgjande tok ordet: Øyvind Henden (4H Hordaland), Tore Villanger (Fjør felaget Vest), Roar Angelskår, Reidar Kloster, Lars Istad, Asgeir Nøttveit, Ingrid Tennebekk Bjørke (HBU), Jostein Ljones, Sjur T. Fykse og Tore Brandstveit.

Følgjande tema vart teken opp: Samarbeid med 4H og BU, marknadsbalanse i fjørfenæringa, kompetansekravet, sprengingssertifikat klasse C, rekruttering til landbruksnæringa, profilering på utdannings- og yrkesmesser.

## Årsmelding 2009

### Jordbruksforhandlingane 2008

Geir Totland gjekk gjennom Hordaland Bondelag sin uttale. Replikk frå:

- Nils T. Bjørke om fraktordningar 2009.
- Samson Øpstad om gjødsling og drenering.

### Viktige saker i organisasjonen

- Prinsipprogrammet for NB: Orientering ved Clara Hveem
- Blåtunge: Orientering ved Jostein Hellestveit og Tore Henrik Øye.  
Replikkar frå Tore Brandstveit og Bjarte Naterstad.
- Norges Bondelag sine nettsider.  
Geir Totland informerte.

**”Landskap i drift”.** Jostein Hellestveit, leiar av styringsgruppa, orienterte om prosjektet.



*Jostein Hellestveit*

### Årsmøtesak 4

### Innkome saker

Ingan.

### Årsmøtesak 5

### Årsmelding

*VEDTAK: Framlegget til årsmelding 2009 vart samrøystes vedteke.*

### Årsmøtesak 6

### Rekneskap 2008

Geir Totland presenterte framlegget til rekneskap for Hordaland Bondelag. Ordstyrar Ingvar Gundegjerde las opp revisjonsrapporten frå Revisorgruppen Voss.

*VEDTAK: Framlegget til rekneskap 2008 vart vedteke samrøystes.*

### Årsmøtesak 7

### Budsjett 2009

Geir Totland presenterte framlegg til budsjett for Hordaland Bondelag.

*VEDTAK: Framlegget til budsjett for 2009 vart vedteke samrøystes.*

### Årsmøtesak 8

### Arbeidsplan

Lars Istad presenterte styret sitt framlegg til arbeidsplan.

*VEDTAK: Framlegget til arbeidsplan for Hordaland Bondelag, 2009 – 2010 vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg under kulepunkt 1 om næringspolitikk:  
”Arbeide for å betre økonomien og rekrutteringa i vestlandsjordbruket”.*

## Årsmelding 2009

### Årsmøtesak 9 Val

Oppteljinga av stemmerettsgrunnlaget viste 45 røysteføre representantar. Valet gav følgjande resultat:

#### A) Styret i Hordaland Bondelag

Leiar:	Marta Bjørgum Meland	Ullensvang	Krins 3	Attval
Nestleiar:	Lars Istad	Voss	Krins 4	Ikkje på val
Styremedlem:	Clara Hveem	Kvinnherad	Krins 1	Ikkje på val
Styremedlem	Turid Bjørndal Njåstad	Osterøy	Krins 5	Ny
Styremedlem:	Lillian Hovstad	Fitjar	Krins 1	Ny
1. vararepr.	Jostein Ljones	Kvam	Krins 3	Ny
2. vararepr.	Solveig Lilletvedt	Bergen	Krins 2	Attval
3. vararepr.	Anne Bakke Handeland	Sveio	Krins 1	Attval

#### B) Ordstyrarar

Fast ordstyrar Ingvor Gundegjerde Etne  
Varaordstyrar Inger Maria Vika Voss

#### C) Årsmøteutsendingar

##### Utsendingar til årsmøta i 2008 og 2009 (ikkje på val)

Clara Hveem	Kvinnherad	Krins 1
Solveig Lilletvedt	Bergen	Krins 2
Anne Bakke Handeland	Sveio	Krins 1

##### Utsendingar for årsmøta i 2009 og 2010

Lillian Hovstad	Fitjar	Krins 1
Lars Istad	Voss	Krins 4
Turid Bjørndal Njåstad	Osterøy	Krins 5

## Årsmelding 2009

### Varautsendigar til årsmøtet i 2009 i nummerrekkefølge:

- |                     |                   |
|---------------------|-------------------|
| 1. Jostein Ljones.  | 4. Bjørne Røthe.  |
| 2. Jon Larsgard.    | 5. Erik Willgoths |
| 3. Magne Gjuvslund. | 6. Geir Totland.  |

SAKSOPPLYSNING. Clara Hveem representerte Norges Bondelag. 1. vara får difor fast plass.

### D) Valnemnd

Krins	Medlem		Varamedlem
1	Jan Holger Hamre	Ikkje på val	Anita Larsen
2	Toralf Huse	Ny	Jan Hauge
3	Terje Larssen	Ikkje på val	Jon Larsgard
4	Lars Ingvald Folkedal	Ikkje på val	Nils T. Bjørke
5	Solveig Vabø	Attval	Reidar Konglevoll

### E) Godtgjersle til tillitsvalde

*VEDTAK:* Barnepass - samrøystes i tråd med framleggget.

Møtegodtgjersla for dagmøte over 4 timer vert heva fra kr 1300,- til kr 1400,-

### F) Revisor

Attval av Revisorgruppen Voss.

Marta Bjørgum Meland takka for tilliten under valet, og ønskte alle eit godt bondelagsår.



*Leiar i valnemnda, Magne Gjuvslund, og nyvalde Lillian Hovstad og Jostein Ljones.*

## ORGANISASJONS- OG MEDLEMSARBEID

### Lokallaga i Hordaland

Hordaland Bondelag har 43 lokallag ved utgangen av 2009.

#### Medlemstal

Per 1. januar 2009 hadde Hordaland Bondelag 3 421 medlemer. Ved utgangen av året var medlemstalet auka til 3 486. Totalt var det 220 personar som meldte seg inn, medan 149 gjekk ut av bondelaget. Resultatet vart ei netto auke på 65 medlemer.

#### Aktive lokallag

Styret har utarbeidd retningsliner og søknadsskjema for aktive lokallasjonsmidlar. Laga må ha aktivitet ut over ordinær drift for å kvalifisere for midlane. Aktivitet retta mot folk i byen/bygda, politikarar eller andre utefor landbruket vert vektlagt. Potten vart auka frå kr 35.000,- til kr 50.000,- for 2009, inkludert tilleggslovingar til laga som arrangerte Open Gard.

Lokallaga som fekk midlar i 2009 var: Fusa Bondelag, Manger Bondelag, Bergen Bondelag, Voss Bondelag, Omvikdalen Bondelag, Fitjar Bondelag, Etne Bondelag, Stord Bondelag og Sveio Bondelag.

### Jubileumsmarkering i Voss Bondelag

Voss Bondelag markerte sitt 75 års jubileum

5. juni i Årestovo på Voss Raftingsenter.

Mange av medlemene møtte fram for å ta del i feiringa.

Leiar Ole Jørgen Rio styrde samkoma, og takka for godt samarbeid med blomehelsingar til Marta Bjørgum Meland (Hordaland Bondelag), Nils T. Bjørke (Norges Bondelag) og æresmedlem i Hordaland Bondelag, Knut A. Dugstad.

Marta B. Meland helsa til laget, og overrekte gaver. Voss Bygdeungdomslag framførde flott underhaldning.

*Leiar i Voss Bondelag, Ole Jørgen Rio, og Nils T. Bjørke. Foto Anna Kløve.*



## Årsmelding 2009

### Lokallaga i Hordaland

<b>Reg</b>	<b>Medl</b>	<b>Lokallag</b>	<b>Leiar</b>	<b>Telefon</b>	<b>Mobil</b>
1	220	Etne Bondelag	Anita Larsen	53757784	97588639
1	101	Sveio Bondelag	Frode Handeland		41215083
1	45	Børmlø Bondelag	Eivind Nesse	53427566	45614621
1	47	Stord Bondelag	Torunn Eikeland	53413875	92428832
1	19	Huglo Bondelag	Erik Willgoths	53495616	90145359
1	101	Fitjar Bondelag	Reidar Kloster	53497812	95097620
1	21	Varaldsey Bondelag	Erling J. Skjelnes	53488137	90770037
1	74	Rosendal og Seimfoss B.	Berit Dale	53480132	98624561
1	71	Omvikdalen Bondelag	Rannveig Hjelmeland	53480138	91188232
1	49	Uskedalen Bondelag	Tor Jarle Kjærland	53486588	91351471
1	37	Ølve/Hatlestrand Bondelag	Karin Rabben Vangdal	53488700	99472030
1	28	Åkra Bondelag	Oddbjørn Sørheim	53479970	90760349
1	34	Halsnøy Bondelag	Oystein Brekke	53478192	99210180
2	362	Bergen Bondelag	Arild Nydegger Øvre-Eide		90843412
2	41	Tysnes Bondelag	Olav Teigland	53434580	91118105
2	136	Fusa Bondelag	Magne Gjuvsland	56582361	97194200
2	19	Samnanger Bondelag	Anne Freland	56586531	91750242
2	78	Os Bondelag	Martin Lyssand	56306094	97166960
2	19	Austevoll Bondelag	Ingolv Skumsnes	56184988	98870803
2	44	Sotra og Øygarden B.	Terje Monrad Fauske	56333687	90551947
2	33	Askøy Bondelag	Arvid Nese	56149160	90037726
3	28	Jondal Bondelag	Jon Larsgard	53668809	92843671
3	79	Odda/Røldal Bondelag	Kåre Johannes Aase	53645622	91330136
3	224	Ullensvang Hagebrukslag	Sissel J. Opedal	53661429	90870340
3	71	Strandebarm Bondelag	Bård Terje Røyrvik	56558333	95841585
3	222	Vikøy og Øystese Bondelag	Sjur Tarjei Fykse		97665655
3	28	Torvikbygd Bondelag	Oddbjørn Borge	56558414	90626315
4	78	Ulvik og Eidfjord Bondelag	Olav Brandstveit	56526498	47415552
4	57	Granvin Bondelag	Inga Winjun Rørlien	56525734	97571612
4	272	Voss Bondelag	Ole Jørgen Rio	56516920	41564305
4	76	Bulken - Evanger Bondelag	Bjørne Røthe	56514447	91330063
4	102	Vossestrand Bondelag	Ole Andre Horvei	56514394	90181118
4	14	Vaksdal Bondelag	Olav Gammervik	56598210	47370133
4	47	Eksingedalen Bondelag	Rune Nesheim	56595838	91621107
4	19	Modalen Bondelag	Jan Arild Steinsland	56599701	41573345
5	157	Osterøy Bondelag	Lars Mæle	56390206	97739761
5	52	Meland Bondelag	Kåre Skjellanger	56175064	93057068
5	41	Manger Bondelag	Asgeir Nottveit	56373421	48154556
5	77	Radoy Bondelag	Bjørnar Floen	56372016	90869381
5	89	Austrheim / Lindås B.	Solveig Karin Vabø	56360072	91626978
5	99	Alversund og Seim B.	Reidar Konglevoll	56351334	92848980
5	60	Eikanger Bondelag	Roar Angelskår		95205228
5	22	Masfjorden Bondelag	Gerd Astrid W. Haugsvær	56366227	

## Regionmøta

Dei fem regionmøta vart halde på Voss, Stord, i Bergen, Seim og Utne i februar. Både tilsette og fylkesstyret deltok på møta, som samla 23 lokallag. Mange saker vart teke opp, mellom anna komande jordbruksforhandlingar. Rådet frå medlemane var å setje fokus på budsjett- og investeringsmidlar. Elles vart prosjektet "Landbruk på Dagsordenen 2009" vidd mykje tid, med spesiell vekt på involvering av lokallaga.

Lokallaga orienterte om aktiviteten det siste året. Laga har samla sett vore innom mange saker, men enkelte lag utmerka seg med spesiell høg aktivitet. Studiearbeid er tiltak som går igjen hos dei fleste laga. Mange er involvert i kommuneplansarbeid og politisk kontakt. Fleire har gjennomført temadagar og "Bondekafé". Enkelte lag har invitert føredragshaldarar til medlemsmøta sine, t.d. frå Gjensidige og rekneskapslaga. Elles samarbeider fleire lokallag om ulike gjeremål.

## Årsmøta i lokallaga

Hausten 2009 vitja tillitsvalde og tilsette i fylkeslaget 16 lokalagsårsmøte. Dette er ei prioritert oppgåve frå fylkeslaget, og målet er at laga skal få vitjing minst annakvart år. I tillegg skal det ytast ekstra hjelp til lag med låg aktivitet.

## Leiarmøte og stormøte

Første dagen av leiarmøtet var via til kurs i lokal arealbruk. Etter kurset var det stormøte med samvirkeorganisasjonane og Fylkesmannen i Hordaland.

Statssekretær Ola T. Heggem og leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, hadde innlegg om "Korleis oppretthalde matproduksjonen i Hordaland?". Innlegga vart fylgt opp med debatt. Deltakarane på leiarmøtet og samvirkeorganisasjonane samla seg til felles middag og sosialt samvær om kvelden.



Ola T. Heggem



Lars Peter Taule

Laurdag var det vanleg leiarmøte for lokallaga og gjester frå samarbeidsorganisasjonane. Einar Frogner deltok frå styret i Norges Bondelag. Han snakka mellom anna om at vi står ovafor klimakrise og matkrise, der landbruket vert ein viktig del av løysinga.

Lars Peter Taule informerte om Landbruk på Dagsordenen, og takka lokallaga for god innsats.

## Årsmelding 2009

Leiarmøtet slutta seg til uttalen om klimautfordringane og landbruk frå Lederkonferansen i Norges Bondelag. Uttalen fokuserte på ei rekke tiltak for å betre klimaet og sikre mattrøyggleiken.

Møtedeltakarane diskuterte fleire viktige tema, mellom anna rekruttering til landbruket. Hordaland Bygdeungdomslag og avløyasarlaga vart trekt fram som naturlege samarbeidspartar. Fylkeslaget legg også opp til kontakt med Hordaland Bonde- og Småbrukarlag på feltet.

### Årsmøtet i Norges Bondelag

Årsmøtet i Norges Bondelag vart halde i Bodø 10. - 12. juni. Frå Hordaland Bondelag stilte sju årsmøteutsendingar og organisasjonssjef Geir Totland.

Bjørne Røthe og Turid Bjørndal Njåstad heldt hovudinnlegg frå Hordaland, høvesvis om lokallagsarbeidet og rekruttering.

Nils T. Bjørke vart vald som ny leiar og Clara A. Hveem som styremedlem i Norges Bondelag.



*Hordaland vart lagt merke til som eit av fylka med flest kvinner på årsmøtet.  
Fire av dei sju utsendingane var kvinner.*

Norges Bondelag arrangerar også leiarkonferanse. Fylkesleiar og organisasjonssjef deltok på denne.

### Kvinnerepresentasjon

Fylkesstyret har høgt innslag av kvinner. Det står ikkje like bra til med representasjonen i lokallaga, og lokale valnemnder må være medvitne sitt ansvar. Både faglag og samvirket trenger fleire kvinner i styra sine, både lokalt, regionalt og sentralt.

## Jordbruksforhandlingane

### Studieringar og lokal diskusjonar

Lokallaga gjennomførte studieringar framafor jordbruksforhandlingane. 24 lag kom med skriftlege innspel til Hordaland Bondelag si uttale.

### Samråingsmøte

På vegne av Samarbeidsrådet for Landbruk inviterte Hordaland Bondelag ulike organisasjonar til diskusjonsmøte om jordbruksforhandlingane. Møtet fann stad på Landbrukstunet den 14. januar. Ni organisasjonar sende skriftlege innspel til bondelaget i etterkant av møtet.

### Uttale frå Hordaland Bondelag

Hordaland Bondelag laga uttale til Norges Bondelag på bakgrunn av diskusjonar i styret, og innspel frå lokallaga og landbruksorganisasjonane i fylket. Høyringa tok utgangspunkt i stor bruksnedlegging og därleg lønsutvikling på Vestlandet, og sette fokus på grep som kan gje hordalandsbonden inntektsmogelegeheter ut frå dei arbeidskrevjande forholda i landsdelen.

Fylkeslaget stilte krav til ”friske” budsjettmidlar og strukturtiltak som prioriterer dei første einingane (areal og dyrebal). I dette høve vart følgjande verkemidlar og tilskotsordningar trekt fram; ”tilskot til driftsvanskar”, ”distriktstilskot”, ”arealstøtte” og ”produksjonstilskot – husdyr”. Fylkeslaget så på trøngen for å styrke investeringsverkemidlane, fraktordninga, prisnedskrivningsreglane på kraftfør og velferdsordningane.

### Aksjonsdag

Den landsomfattande aksjonsdagen i samband jordbruksforhandlingane vart halde den 21. april, og involverte både fylkeslaget og lokallaga. Norges Bondelag hadde laga aksjonsavisa ”MATNYTTIG - Bøndenes finansavis” til utdeling. Føremålet med aksjonen var å synleggjere maten og verdiane jordbruket skapar.



Inger Samdal og Solveig Lilletvedt

Fylkeslaget og Bergen Bondelag delte ut aksjonsavisa og yoghurt på Norges Handelshøgskole og i Bergen sentrum.

## Årsmelding 2009

I Nordhordland hadde lokallaga markering på Knarvik Senter, med matproduksjon og jordvern som tema. Laga serverte spekemat og delte ut foldar om landbruket i Nordhordland.



*Lokallaga i Nordhordland køyrd inn ein veteran  
Rapid Tohjulstraktor på Knarvik Senter under aksjonen.*

På Voss aksjonerte bondelaga utanfor Amfi i Haugamoen med ein rundballe med høy, grøne ”Bonde t-skjorter”, samt brosjyrar og yoghurt til utdeling. I Kvinnherad var det stand i Rosendal og på Husnes, med utdeling av smaksprøvar på norskprodusert mat.

Det vart omlag 10 markeringar rundt om i fylket, og mange fekk gode oppslag i media, som i Vestavind; ”Kampen om matjorda” (Sveio Bondelag).

### **Resultatet av oppgjjeret**

Den totale ramma for oppgjjeret vart 1,2 milliardar kroner. Overføringane auka med 180 mill. kroner. Målprisane auka med 40 mill. kroner. Rentestøtte til investeringar i grøfting vart tatt inn som eit langsiktig tiltak. Det var vidare semje om å auke prisnedskrivings-tilskotet på kraftfør, og å auke investeringsverkemidlane.

Vidare vart distriktstilskotet styrkja med 2 øre/liter for hele Vestlandet og fjellbygdene i Sør-Norge (sone D), samt frakttilstskota for kjøtt, frå 12 millionar (tilbodet) til 20 millionar.

Trass fleire positive trekk i avtale, var fylkeslaget skuffa over for lite budsjettmidlar og manglande strukturtiltak.

## Informasjonsmøte

Etter jordbruksoppgjernet inviterte Hordaland Bondelag Nils T. Bjørke (2. nestleiar i NB) til medlemsmøte om forhandlingane og innhaldet i avtalen. Samlinga kom i stand på kort varsel, og medlemmane fekk invitasjon per SMS. Møtet vart halde på Sandsli i Bergen.

## Rekruttering og ungdom

Rekruttering til landbruket har vore eit viktig tema i året som gjekk. Det vart tatt opp både på årsmøtet og på leiarmøtet, og styret har sett på ulike tiltak for å legge forholda til rette for dei unge.



Kjekke, unge karar i frå Voss med Bondelags-skjorta

## "Unge, bygda og landbruket"

Hordaland Bondelag er med i styringsgruppa for "Unge, bygda og landbruket". Prosjektet er eit ledd i Fylkesmannen si jordbruksavdeling (FMLA) sitt ungdoms- og rekrutteringsarbeid. Målsettinga er å motivere unge til å overta gardsbruk og gje dei eit positivt syn på moglegheitene i landbruket og på bygda.

I januar samla konferansen "No e' da min tur – ei framtid på bygda og i landbruket" 170 deltakrar i Øystese. Konferansen hadde mange innfallsvinklar, og fleire bønder fortalte om sine erfaringar om å være ny i næringa. Programmet tok opp både faglege, sosiale og økonomiske forhold.

I september vart suksessen gjentatt i Rosendal. Denne gongen var programmet meir praktisk vinkla, med utfordringar ved eigarskifte som sentralt tema. Dei lokale bondelaga sto bak arrangementa saman med m.a. FMLA og Bygdeungdomslaget.

## Samarbeid

Hordaland Bondelag tok initiativ til eit samarbeid med Voss jordbrukskule, Hjeltnes Gartnarskule og Stend vidaregåande skule, for å betre marknadsføring av skuletilboda. Samarbeidet held fram i 2010.

4H Hordaland er ein viktig organisasjon for landbruket, og bondelaget var i fleire år med i styringsgruppa i prosjektet ”4H i bynære strøk”. Prosjektet vart avslutta i 2009, men det er planar om å starte eit nytt samarbeid basert på mat og landbruk i løpet av 2010.

Bondelaget har også eit godt samarbeid med Hordaland Bygdeungdomslag, mellom anna gjennom leiaren sin faste plass i fylkesstyret.



Leiar i HBU, Ingrid T. Bjørke (t.h). Foto HBU.

## Informasjonsarbeid

Bergen Internasjonale Filmfestival (BIFF) viste i oktober filmen ”Food, Inc”. Dokumentarfilmen tek opp den industrielle produksjonen i amerikansk matvareindustri, og konsekvensane av dette. På framsyningane for elevar på ungdomsskular og vidaregåande skular, fekk Hordaland Bondelag vere til stade, dele ut brosjyrar og halde korte innlegg. Bondelaget og Fylkesmannen si landbruksavdeling laga eit felles skriv som grunnlag for informasjon og diskusjon for elevane.

## Medlemsverving

I bondelaget er medlemsverving ei viktig oppgåve, og det er framleis mange bønder og grunneigarar som ikkje er medlemer. I 2009 bestod verveutvalet av Lillian Hovstad, Turid Bjørndal Njåstad og fylkeskontoret.

## Æresmedlemer

Æresmedlemsskap er ei heider til personar som har gjort spesielt godt arbeid for organisasjonen og medlemmane. Utmerkinga kan gjevast både på lokal-, fylkes- og landsnivå i organisasjonen.

Hordaland Bondelag har tre æresmedlemer: Knut A. Dugstad frå Voss, Anna Sylvia Haukås frå Bergen og Kari Valland frå Kvam (bilete).



## ARBEIDET I FYLKESLAGET

### Kontorfellesskapet på Landbrukstunet

Hordaland Bondelag har kontor ved Landbrukstunet på Stend. Her har vi gode kontortilhøve og eit godt fagleg og sosialt fellesskap med Landbruksrådgivinga Hordaland, Veksthusringen og Nortura.

### Styremøte

I 2009 hadde fylkesstyret 9 styremøte og to telefonmøte. Styret handsama 94 saker.

### Fellesmøte med fylkeslaga på Vestlandet

Fylkesstyra i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland hadde felles styremøte på Skei i april og i Bergen i desember.

Etter møtet i april leverte dei ei felles uttale til nytt prinsipprogram for Norges Bondelag. Fylkeslaga vart samde om å løfte fram inntekt og rekruttering som prioriterte område for den neste programperioden.

I desember handla diskusjonen om utfordringane for jordbruket i landsdelen. Føremålet var å avklare grunnlaget for å fremje felles krav inn mot jordbruksforhandlingane i 2010 - og såleis oppnå større gjennomslagskraft.



*Dei tre fylkesleiarane*

### Verksemgsplan

Styret vedtok ny verksemgsplan på styremøtet i oktober. Den vart lagt fram og godkjent på leiarmøtet. Planen er sendt til alle lokallagsleiarane, og ligg også på nettsida til Hordaland Bondelag. Planen tek utgangspunkt i Norges Bondelag sine prioriterte saker, med konkretisering av gjeremål for fylkeslaget. Arbeid for å fremje vestlandsjordbruket står sentralt, i lag med politisk kontakt og tiltak som kan styrke rekrutteringa til næringa vår.

### Bondelagssida i Vestlandsk Landbruk

Vestlandsk Landbruk er ei viktig kjelde til informasjon for medlemene i Hordaland Bondelag. Målet er å ha informasjon og innlegg på bondelagssida i kvart nummer. Styret har fordelt skriveoppgåvane mellom seg.

## **Internett ([www.bondelaget.no/hordaland](http://www.bondelaget.no/hordaland))**

Arbeidet med nettsida har vore ei prioritert oppgåve, og Hordaland er framleis blant dei 3 beste fylka på tal nettsaker og lesarar. Målet er å spegle arbeidet i fylkesbondelaget og situasjonen for hordalandsjordbruksrådet på ein god måte, slik at også pressa og offentleg forvalting bruker sidene. Lokallag og andre oppfordrast til å sende inn stoff.

Hordaland Bondelag har også ei facebook-side, der alle interesserte kan vere med. Sida skal nyttast til nyhende, diskusjonar og nettverksbygging.

## **Open Gard**

Open Gard er eit landsomfattande arrangement, som er viktig for å skape positive haldningar til landbruket. Den ”nasjonale dagen” for Open Gard var 16. august, men lokallaga stod fritt til å velje datoar som passa best lokalt.

I år var det Open Gard på Stord, Voss og i Bergen. I tillegg var lokallaga med og arrangerte Etnemarknaden, bondemarknad på Fitjar, kåringssjå og familiendedag på Hundvin og kalvemønstring i Sveio og i Fusa.



*Open Gard på Stord*

## **Økologisk Landbruk**

Hordaland Bondelag har vore med å revidere regional handlingsplan for økologisk landbruk, og nestleiar Lars Istad deltok på verdas største messe for økologiske produkt i Nürnberg i Tyskland.

## **Føregangsfylke for dyrking av økologisk frukt og bær.**

I Jordbruksavtalen for 2009 vart det sett av midlar til satsing på økologisk matproduksjon. Hordaland og Sogn og Fjordane vart i lag valde ut som føregangs fylke for auka satsing på økologisk dyrking av frukt og bær.

Frøydis Lindén er tilsett som prosjektleiar, og Lars Istad sit i styringsgruppa frå Hordaland Bondelag. Dette prosjektet er ein del av Landbruks- og Matdepartementet (LMD) si satsing på å auka den økologiske matproduksjonen i Norge. Målet er å få samla eit godt støtteapparat rundt dei som driv eller ynskjer å driva økologisk frukt- og bærproduksjon dei neste åra. Fagmiljø og omsetningsledd vil samarbeida for å sikra ein god kvalitet på produksjonen, og for at frukt og bær skal verta omsett som økologisk.

## Inn på Tunet (IPT)

Norges Bondelag har eit IPT-utval, der Solveig Lilletvedt frå styret i Hordaland Bondelag er medlem. Solveig er også med i gruppa som har laga ny handlingsplan for Inn på Tunet i Hordaland.

Inn på Tunet-utvalet hadde tre samlingar i 2009.  
Arbeidsområda var mellom anna:

- Kvalitetssikring, standardavtale og organisering av IPT-tilbydarar.
- Forsikringsordningar for IPT-næringa.
- Landbruks- og matdepartementet sitt arbeid med å utvikle statistikk over IPT som næring.
- Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse
- Opplæringslova og IPT.
- Samarbeid med kriminalomsorg.
- Inn På Tunet-løftet; lansering for kommunane 9. februar 2010.



Toril Mulen, FMLA, og Laila Dåvøy, KrF, på besøk hos Solveig Lilletvedt.

I haust fekk Hordaland sin første handlingsplan for Inn på tunet. Planen gjeld for 2009 – 2012, og skisserar utfordringar, mål og tiltak for arbeidet framover.

Planen er resultat av eit samarbeid mellom Fylkesmannens helse-, utdannings- og landbruksavdeling, NAV, Kommunal landbruksforvaltning, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Fagforum Inn på tunet og Innovasjon Norge. Handlingsplanen ligg på nettsida til Hordaland Bondelag .

## Bygdefolkets Studieforbund (BSF)

BSF Hordaland vart lagt ned som avdeling i 2008. Hordaland Bondelag er regionkontakt for BSF i fylket, og skal bidra til å styrke utvikling, aktivitet og opplevelingar innan landbrukskompetanse.



## Samarbeidsrådet for landbruk Hordaland/Sogn og Fjordane

Leiar og organisasjonssjef representerar Hordaland Bondelag i Samarbeidsrådet.

Ingunn Sognnes, Tine, er leiar i rådet. Sentrale aktivitetar i 2009 var felles møte med stortingsrepresentantane frå dei to fylka, samrådingsmøte mellom ulike landbruksorganisasjonar i førekant av jordbruksforhandlingane og fotokonkurransen ”Bilete av Vestlandsbønder”.

### Møte med Stortingsbenken

Samarbeidsrådet arrangerte møte med stortingsrepresentantane frå vestlandsfylka i februar. Det vart eit hyggeleg møte på Hotel Bristol i Oslo. Åtte representantar møtte i tillegg til styret i Samarbeidsrådet. På programmet stod ” Matvarekrise, er det aktuelt tema for vestlandsbonden?”, ” Viktige utviklingstrekk og utfordringar for vestlandslandbruket”, og ” Enkle grep som kan gje positiv utvikling for vestlandsjordbruket”. Det vart ein god diskusjon om utfordringar framover.



**Vi medvirkar til å halde Noreg levande og grønt**

...fordi vi bryr oss og fordi vi kan.

I meir enn 100 år har vi vore ein av landbruket sine viktigaste samarbeidspartnarar. Det skal vi framleis være, samtidig som vår fagkompetanse skal komme alle til gode. Vi har mål om framleis vekst, innan både landbruksvirksomheita og gjennom alle våre datterselskap.

Ein styrkar både samvirke og bondens innkjøpsmakt ved å nytte Felleskjøpet til innkjøp både privat og i drifta på garden.

 **Felleskjøpet**  
Levende opptatt av det

## PROSJEKT

### "Landbruk på Dagsordenen 2009"

"Landbruk på Dagsordenen 2009" var ei prosjektsatsing i regi av Norges Bondelag, med Lars Peter Taule som prosjektleiar. Satsinga la vekt på politisk kontakt med stortingskandidatar og ulike fylkesparti. Føremålet var å profilere landbruket og norsk matproduksjon opp mot jordbruksoppgjeret og Stortingsvalet i 2009. Opplegget omfatta gjeremål i regi av både Norges Bondelag og fylkesbondelaga.

Arbeidet i Hordaland Bondelaga var breitt forankra, og involverte både fylkesstyret og lokallaga. Profilering av appellen "Kjærleik til norsk mat" stod svært sentral i arbeidet, og gav underskrifter fra 25 ordførarar og listetoppar frå H, Krf, V, Sp og SV. I tillegg fekk vi støtte frå fylkesordførar Torill Selsvoll Nyborg (Krf) og kjende personar som Liv Grete Poirée, Gunnar Staalesen, Kjersti Tysse Plätzer og Frank Aarebrot, samt fylkesleiarane i SV, Krf, Sp og Ap.



Ordførar Synnøve Solbakken skriv under.  
Lokallagsleiar Rannveig Hjelmeland til høgre.  
Foto: Kvinnheringen

Lokallaga gjorde ein stor jobb med å kontakte ordførarane. Mange oppnådde flotte oppslag i lokalavisene, til dømes Omvikdalens Bondelag i Kvinnheringen (bilete over).

Fylkeslaget heldt mange møte og arrangement i løpet av prosjektet, mellom anna "Matpolitisk debatt" i samband med årsmøtet 2009. Stortingskandidatane Lars-Henrik Paarup Michelsen (V), Kjersti Toppe (Sp), Laila Dåvøy (KrF), Øyvind Halleraker (H) og Gjermund Hagesæter (FrP) deltok som debattantar. Sjur Holsen, BT journalist og føregangsmann for artikkelen om "Matkrisen", var ordstyrar i lag med Lars P. Taule.

I februar deltok Audun Lysbakken, nestleiar i SV på "Fjøsmøte" i floren på Stend. I vart det arrangert tematur for stortingskandidatar frå Hordaland, under tittelen "Nærkontakt med det bynære landbruket" (bilete).

Tom Christer Nilsen (H), Lars-Henrik Paarup Michelsen (V), Laila Dåvøy (KrF), Kjersti Toppe (Sp), Gina Barstad (SV) og Dag Ole Teigen (AP) deltok på turen, som omfatta gardsbesøk hos Rune Lekven på Os og Ostegården på Krokeide.



## Årsmelding 2009

Fylkeslaget deltok også på møte med Unge Vestre Hordaland, fylkesstyret i SV, fylkesstyret i Sp og Hordaland Høgre sin årsmøtekomit . I tillegg fekk alle stortingspartia overlevert brosjyrane ”*Ansvarlege politikarar gjev mat fr  heile landet*” og ”*Ti landbrukspolitiske utfordringar for Stortingsperioden 2009 – 2013*” i førekant av fylkesårsmøta. Fleire tillitsvalde skreiv lesarinnlegg i både regions- og lokalaviser, men fylkeslaget fekk ikkje ønskeleg reportasjedekning i regionpressa.

Det vart skapt merksemد kring hordalandslandbruket og norsk matproduksjon i fleire samanhengar. Mellom anna brukte Bergen Big Band T-skjorta ”*Kj rleik til norsk mat*” under sin konsert p  Vossajazz 2009, og leiaaren av bandet framf rte ein ”bondeappell” fr  sena. Elles vart diverse profilermateriell nytta p  Aksjonsdagen og ved ulike tilskipingar.



*Musikar i Bergen Big Band*

Oppsummert skapte prosjektsatsinga stort engasjement, b de p  fylkesplan og lokalt. Aktiviteten medverka til positiv profilering av n ringa v r, og gav kontakt med nye grupper og akt rar. Satsinga var noko alle i organisasjonen samla seg om, og den gav nytting erfaringsgrunnlag for komande arbeid.

Sluttrapporten for ”Landbruk p  Dagsorden” er tilgjengeleg hos Hordaland Bondelag.

### ”Fra Fjell til Fjord”

”Fra Fjell til Fjord” var ei prosjektretta reiselivssatsing i regi av Hordaland Bondelag og Bergen Turlag. Prosjektet kopla gardsturisme og fjellturisme til nye, spanande og varige turtilbod for fjellturisten. I dette h vet stod involvering av etablerte gardsturismetilbod og medverknad til lokal verdiskaping, sentralt.

Prosjektet varte fr  2008 til 2009, og omhandla to tursesongar (sommarhalv ret). Satsinga var delprosjekt til ”Fra Dal til Fjell” i regi av Norges Bondelag og DNT. Innovasjon Norge deltok med utviklingsmidlar. Tore Henrik O ye var Hordaland Bondelag sin kontakt

I 2009 vart tre av fem planlagde turar gjennomf rt, hovesvis til N røyfjorden, Folgefonna og Botnen/Fyksesund. Turane samla totalt 40 deltakarar, og inkluderte 8 lokale tilbydarar. To turar vart avlyst grunna liten p meling.

I l pet av dei to tursesongane vart det gjennomf rt 6 turar for totalt 80 deltakarar. Turane involverte 11 tilbydarar, dei fleste vart nytta to gonger. Deltakaravgifta gav ei omsetjing kring p  195 000,- kr, til fordeling mellom gardstursimef retaka, turisthyttene, turleiing og administrasjon. I tillegg kom inntekter fr  direkte sal p  gardane, samt bruk av service- og tenestertilboda lokalt.

Erfaringane frå prosjektet er gode. Både tilbydarar og turdeltakrar rosar tilbodet. Samarbeidet har medført betre bruk av ressursane som landbruket og turlaget representerer, samt synleggjort eit innteningspotensial for tilbydarane. Samstundes har satsinga etablert eit turkonsept som kan brukast på nye turar – og i nye område.

Desse faktoren gjev grunnlag for vidareføring. Bondelaget og turlaget har difor lagt opp til tre nye turar for 2010. Intensjonen er å etablere eit fast, årleg tilbod – i tråd med målsetjinga for prosjektet. Utfordringa vert å utvikle konseptet innhaldsmessig og kommersielt, både når det gjeld omfang, involvering av lokale tilbydarar og forankring i marknaden.



## **Prosjekt småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet**

Småkraftprosjektet, som er eigd av Norges Bondelag og tre fylkesbondelag på Vestlandet, hadde sitt første heile driftsår i 2009. Prosjektleiar Terje Engvik er plassert ved Sogn og Fjordane Bondelag sitt kontor, men det geografiske arbeidsområdet er Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, pluss noko oppdrag elles i landet for Norges Bondelag.

Prosjektet har drive allsidig informasjon og rådgjeving for å stimulere til og sikre ei miljøforsvarleg utbygging av småskala kraftverk. Satsinga vektlegg lokalt eigarskap og verdiskaping, med basis i garden og bygda sitt ressursgrunnlag. Rådgjevinga har skjedd individuelt, på fallrettseigar-møte, større møte og ved skriftleg informasjon og nettinnslag.

Prosjektleieren har også halde foredrag på Småkraftmessa i Ålesund og gitt informasjon på småkraftseminar i Møre og Romsdal og i Nordland. I alt har minst 500 fallrettseigarar dratt direkte nytte av rådgjeving frå prosjektet. I tillegg kjem generell småkraftinformasjon gjennom ulike kanalar til langt fleire.

Prosjektleieren har halde kontakt med Hordaland Bondelag og deltatt på årsmøte og andre aktuelle møte. Prosjektet samarbeider med det nystarta Kompetansesenteret for småkraft i Samnanger.

Prosjektleieren har vore engasjert i samband med høyningsfråsegn til fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, endringar i energilov og NVE-forskrifter og utfordringar knytt til småkraftprosjekt i tilknyting til verna vassdrag. Vidare har det vore arbeidd med problematikken knytt til opprusting av kapasiteten i linjenettet, som mange plassar er ein flaskehals for auka produksjon av fornybar energi.

## Prosjekt i regi av andre:

### Geit i vekst

Prosjektet omfattar Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Føremålet er å sikre ein framtidsretta geitemjølksproduksjon og oppnå status som ein sjukdomssanert geiteregion. Prosjektet går fram til juli 2010. Olav Gullbrå representerer Hordaland Bondelag i styringsgruppa. Heimesida til Geit i Vekst er å finne under linken [www.tinevest.no](http://www.tinevest.no).



### Landskap i drift

Prosjektet er leia av Fylkesmannen si landbruksavdeling, og er treårig (08-10). Jostein Hellestveit frå Hordaland Bondelag er leiar i prosjektstyret. Satsinga skal gje Hordaland eit ope landskap og større kjøtproduksjon.

Verkemidla er aktiv drift, fleire beitedyr og nytenking på eigedomsstruktur og beite.

Les meir på nettsida:

[www.landskapidrift.no](http://www.landskapidrift.no).

### Storfeprosjektet i Hordaland 2009-2012

Prosjektet ”Me satsar på mjølk i Hordaland” starta i 2004, og gjekk fram til 2006. Satsinga vart vidareført gjennom eit nytt prosjekt: ”Vi satsar på mjølk og storfekjøt i Hordaland”. Gjennom desse seks åra har ein arbeidd med bønder som vil satsa på storfehald med bygging eller utviding av driftsbygninga, både i samdrifter og einskildbruk.

Hausten 2009 vart det vedteke å halda fram med eit nytt prosjekt: ”Storfeprosjektet i Hordaland”. Målet med prosjektet er å oppretthalda kjøt- og mjølkeproduksjonen i Hordaland. Prosjektet er eit samarbeid mellom faglaga, Fylkesmannen, Innovasjon Norge, FK, Nortura og Tine Meieriet Vest. Prosjektleiar er Ola Alne. Lars Istad sit i styringsgruppa for Hordaland Bondelag.

### Landskapsparkar i Hordaland

Fylkesmannen si landbruksavdeling starta prosjektet i 2006. Føremålet er å medvirke til bygdebaseret reiselivsutvikling. Så langt er det 7 landskapsparkar i Hordaland, men fleire er på gong. Bygdene i landskapsparkane står saman for å gjere heimstaden til ein open, inkluderande og god stad å besøkje og bu. Marta Bjørgum Meland er med i styringsgruppa for prosjektet, og Tore Henrik Øye deltok på ”Nasjonal konferanse for landskapsparkar”. På nettsida [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no) kan ein lese meir om parkane.

## ARRANGEMENT I REGI AV BONDELAGET

### Kurs - ”Korleis påverke lokal arealbruk”

Kurset vart arrangert første dag av leiarmøtet, men var ope for alle interesserte. Føremålet var å gje grunneigarar og tillitsvalde kjennskap til planprosessane, slik at dei kan vere med i drøftingar om disponering av areal i heimkommunen.

Sissel Fykse, Ole Nicolai Skulberg og Nils Rønningen frå Norges Bondelag snakka mellom anna om lovverket, jordvern og korleis gå fram når ein vert involvert i ein arealsak.

### Skattekurs

Norges Bondelag arrangerar årleg skattekurs for rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med bondelaget. Kurset går over heile landet, og i Hordaland var kurset i år lagt til Voss. Programmet gir nytig oppdatering på sentrale skatterettslege og rekneskapsfaglege område. I samband med kurset arrangerar Norges Bondelag og Økonomiforbundet ein temadag. Temaet i Hordaland i år var ” Regnskap og årsoppgjør etter regnskapsloven”. Det var 60 deltararar på skattekurset og 36 på temadagen.



*Kjekke karar frå økonomiforbundet Hordaland var med på skattekurset.*

### Landbruks politisk kurs

Clara Hveem frå Hordaland Bondelag deltok på Norges Bondelag sitt kurs i landbruks politikk. Per Harald Grue, Harald Milli, Anders Huus, Hildegunn Gjengedal og Aase Lømo heldt føredag. Deltakarane fekk ei god innføring i landbruks politikk på høgt plan. Tema var mellom anna kva som rører seg i EU og korleis Verdsbanken opererer.

### Vestlandsturen

Under årsmøtet til Norges Bondelag fekk det nye styret invitasjon til ein todagars Vestlandstur. Fylkeslaga frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal stod bak. Føremålet med turen var å synleggjere ulike sider ved drifta på Vestlandet, som grunnlag for Norges Bondelag sitt arbeid i komande jordbruksforhandlingar.

I Hordaland gjekk turen til Voss, Kvam, Os og Bergen. Bondelagsleiinga fekk oppleve variert drift, og høyre om både utfordringar og mogelegheiter på Vestlandet. Turfølgjet var på fleire gardsbesøk.

Leiar Nils T. Bjørke, generalsekretær Per Gunnar Skorge, 2. Nestleiar Brita Skallerud, Næringspolitisk sjef Per Harald Agerup og rådgjevar Per Ole Randberg var med på turen frå Norges Bondelag.

Fylkesleiarane og organisasjonssjefane var med frå fylkeslaga (bilete).



### **Landbrukspolitisk møte**

I samband med ”Vestlandsturen”, vart det arrangert eit ope møte på Voss. Nær 70 frammøtte fekk høve til å høyre toppleiringa i bondelaget. Både Nils T. Bjørke og Per Gunnar Skorge oppmoda næringa til å samle seg om felles hovudprioriteringar og krav.

Ordskiftet etterpå viste uro over retninga til vestlandsjordbruket, og konsekvensane for både produksjonsmiljø og landskap. Sjølv om det ikkje kom opp klare løysingar, fekk bondelagsleiinga med seg både inntrykk, meiningar og signal heimatt.

### **Møte om blåtunge**

I samband med sjukdomsutbrotet våren -09 og Mattilsynet sitt føreskriftsarbeid om soneinndeling, arrangerte Hordaland Bondelag informasjonsmøte om situasjonen. Møtet vart halde i Kinsarvik den 2. april, i samarbeide med Hordaland Sau og Geit og Norges Bonde og Småbrukarlag.

Hovudtema for samlinga var statlege strategiar for å førebyggje utbreiing, med mogelege verknadar for Hordaland. Vigeik Skei frå Mattilsynet for Hordaland og Sogn og Fjordane informerte om aktuelle tiltak og konsekvensar ved flytting av dyr over sonegrenser. Fylkesagronom Olav Romarheim frå FMLA, orienterte om den organiserte beitebruken på Hardangervidda – og kor dyra kjem ifrå. Geir Totland representerte bondelaget, og leia møtet.

Møtet samla om lag 30 deltakrarar, både grunneigarar i beiteområde og representantar frå sankelag. Samlinga var informativ og avklarande, og førte til gode diskusjonar. I førekant av samlinga deltok Jostein Hellestveit på mattilsynet sitt informasjons- og diskusjonsmøte om sjukdomsførebygging.

## DELTAKING OG REPRESENTASJON

### Kulturlandskapsgruppa

Leiar og organisasjonssjef er Hordaland Bondelag sine representantar i FMLA si kulturlandskapsgruppe. Gruppa sine viktigaste oppgåver har vore utdeling av kulturlandskapsprisen og revisjon av Regionalt Miljøprogram – Hordaland (RMP).

### Areal og ressursforvaltning

Norge har innført EU sitt vassdirektiv, og arbeider med å forankre dette i lovverk og forvaltingsplanar for vassområda. I dette høve har fylkeslaget delteke på følgjande samlingar:

- ”Forvaltningsplaner for vann – Nasjonal høyringskonferanse”.
- ”Høyringskonferanse om forvaltningsplan for Nordåsvannet vassområde”.

Føremålet med direktivet er å sikre tilstrekkeleg god vasskvalitet gjennom kartlegging og tiltak. Landbruket er i så måte eit sentralt tiltaksområde. Alle vassområde i Norge skal ha forvaltningsplan og tiltaksprogram innan 2015. Prosessen skal sikre brei deltaking lokalt.

I november deltok Tore Henrik Øye på **seminar i Grieghallen om den europeiske landskapskonvensjonen**, under tittelen *”Alt landskap tel”*. Bakgrunnen for seminaret var innarbeidning av landskapskonvensjonen i den overordna samfunnsplanlegging, der verdiar og kvalitetar i landskapet vert tek med som grunnlag. Jordbruks- og kulturlandskapet stod sentralt på konferansen, og vart trekt fram som svært verdfulle element.

### Mat

Hordalandsfinalen i konkurransen **”Jakten på smaken av Norge”** vart arrangert i samband med Bønder i Byd'n, den andre helga i september. Turid Bjørdal Njåstad representerte fylkeslaget i dommarpanelet. Hordland fann sine smakar, og vinnarane vart:

- Råvare sjø: Røykt aure frå Leiren Laks
- Råvare land: Eplejuice Karen Schneider frå Ulvik Frukt & Cideri.
- Produkt: Hardangerkling frå Nøring



Nøring fekk pris for beste produkt.

Vinnarane gjekk vidare til landsfinalen i Stavanger, men nådde ikkje pallen.

Både fylkesstyret og mange lokallag deltok på **folkemøtet på Verftet** den 21. April. Tema var ”*Har norsk matproduksjon livets rett?*”, med undertittel ”*Grill matministeren*”. Det var Landsbruks- og Matdepartementet som stod bak møtet, som handla om norsk matproduksjon og norsk mat i eit internasjonalt perspektiv. Bondelagsmedlemane deltok aktivt i debatten.

## Landbrukspolitikk

**Landsbrukskonferansen 2008** var halde på Voss i januar, med god representasjon frå Hordaland Bondelag. Ivar Pettersen frå NILF la fram tal for hordalandslandbruket, og konkluderte med at hordalandsbonden tapar terreng. Pettersen meinte i dette høve at det må harde og vanskelege prioriteringa til for å snu utviklinga. Per Harald Grue hadde sin siste offisielle oppotrede som departementsråd, og kom med formaning om at hordalendingane må produsere meir kjøt, spesielt saukjøt, men også storfekkjøt. Journalist Sjur Holsen, som stod bak BT sin artikkelserie om ”*Matkrisa*”, oppmoda bondelaget om å ”vinne hjarter” – ved å peike på verdiane som norsk landbruk representerer.

## Fisk og vilt

Bjarte Naterstad representerte fylkeslaget på ”**Hardangerfjordseminaret**” i Øystese, 24. og 25. april. Seminaret er årlig, og fokuserer på situasjonen for villfisken i fjordsystemet. Føremålet er å formidle kunnskap og skape engasjement kring forvaltinga. Årets program la vekt på den kritiske bestandssituasjonen og dei framherskande trugsmåla for laks og sjøaure.

Bjarte Naterstad deltok også på **informasjonsmøtet i Etne** om levekåra for villaksen i regionen, den 6. oktober. Møtet sette søkelys på lakselus, rømt oppdrettsfisk og kva den nye ”*Hardangerføreskrifta*” vil bety for villfisken.

Maria Makloufi Skjold og Tore Henrik Øye deltok på Naturviterne sitt **møte om ”Hvor bærekraftig kan oppdrettsfisken bli?”**, i Bergen den 14. mai. Havbruk kontra landbruk vart teke opp som ei problemstilling knytt til trangen for større matproduksjon i framtida.

Tore Henrik Øye deltok på møtet i ”**Regionalt fagråd for anadrome laksefisk i Hordaland**” i Bergen 3. november. Møtet drøfta fiskesesongen 2009 og mogelege reguleringar for sesongen 2010. Fagrådet har ein rådgjevande funksjon.

Tore Henrik Øye deltok på **møte i rovviltnemnda, Region 1**, den 26. mai. Tema for møtet var bestandsstatus for ulike artar i regionen (kongeørn, jerv, gaupe), og fastsetting av kvote for ”*betinga skadefelling*”. Bondelaget har observasjonsstatus i nemnda.

Fylkeslaget deltok på møte **om lokal hjorteforvalting** i Hardanger, i Masfjorden og på Askøy, med vekt på organsering, bestandsplanlegging og skadeproblematikk. Tore Henrik Øye representerte på årsmøtet til ”**Hordahjort**”; eit merke- og utviklingsprosjekt for Hordaland og Sogn ([www.hordahjort.no](http://www.hordahjort.no)).

## Reiseliv og næringsutvikling

FMLA og Innovasjon Norge gjennomførte i vår en ny runde av "Eg fann – eg fann", retta mot etablerar og gründerar. Tore Henrik Øye representerte fylkeslaget, og deltok som ei av "dei gode hjelparane". Øye representerte også på **nasjonal konferanse for regionale og lokale landskapsparkar i Norge**, som fann stad på Stalheim hotell, 12. og 13. mars. Elles deltok han på "**småkraftseminaret**" i Samnanger den 3.mars, der Terje Engvik presentert bondelaget si prosjektsatsing på området.

## Årsmøte og leiarmøte i samarbeidsorganisasjonar:

Organisasjon	Representant fra Hordaland Bondelag
Hordaland Sau og Geit	Marta Bjørgum Meland
4H Hordaland	Maria Makloufi Skjold
Norsvin Hordaland	Clara Hveem
Hordaland Bygdekvinnelag	Torunn Eikeland
Fjørfelaget Vest	Turid Bjørndal Njåstad
Hordaland Bygdeungdomslag	Lars Istad
Fagforum inn på tunet	Maria Makloufi Skjold, Turid B. Njåstad

## UTMERKINGAR

### Landbrukets HMS-pris i Hordaland

HMS-prisen vert delt ut åleg av Gjensidige Forsikring og Hordaland Bondelag. Vinnaren i år var Brita Dagstad Jensen og Jegvan Jensen. Tor Egil Lie frå Gjensidige overrekte prisen i samband med årsmøtemiddagen til bondelaget. Prisen var på kr 10 000.

### Bygdeutviklingsprisen

Bygdeutviklingsprisen gjekk til Homlagarden, eiggd av Bjørn Brynjolv Pedersen. Han driv økologisk kalkunproduksjon og slakteri i tillegg til frukttdyrking. Juryen består av Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, FMLA og Innovasjon Norge. Marta Bjørgum Meland var tilstades under utdelinga i Ulvik, og delte ut "Bonde t-skjorta" til prisvinnaren.

### Kulturlandskapsprisen

Eksingedalen Bygdaråd fekk prisen for sitt store arbeid med tilrettelegging av støls- og ferdslivegar i Eksingedalen. Arbeidet har engasjert heile dalen, med bygdarådet som koordinator. Utdelinga fann stad i Eksingedalen 13. september, på den nasjonale Kulturminnedagen. Prisen vert delt ut kvart år av Kulturlandskapsgruppa i Hordaland. Tema i år er "Kulturløyper i Jordbrukets Kulturlandskap". Eksingedalen Bygdaråd var Hordaland Bondelag sin kandidat, og Lars Istad og Tore Henrik Øye var tilstades under utdelinga.

## HØYRINGAR OG UTTALAR

### Regionalt miljøprogram (RMP)

Programmet for Hordaland vart rullert i 2008 i regi av Kulturlandskapsgruppa, med Marta Bjørgum Meland og Geir Totland som Hordaland Bondelag sine representantar.

Programmet vart godkjent av Statens Landbruksforvaltning våren 2009, og gjeld for perioden 2009 – 2012. Alle som mottek produksjonstilskot kan søkje om RMP-midlar.

Hordaland Bondelag har ved fleire høve gitt til kjenne synspunktet at verkemidlane ikkje er målretta nok i høve til å kompensere driftsulemper og å gje reell inntektsverknad. Bondelaget meiner ordninga er spreidd på for mange, og delvis perifere tiltak, som burde vore finansiert over andre budsjett.

### Kompetansekrav til hald av husdyr

Med utgangspunkt i ”holdforskriftene” innførte Mattilsynet krav til dokumentert kompetanse for hald av husdyr. Kravet førte til sterke reaksjonar og mange spørsmål frå medlemmane i Hordaland Bondelag. Fylkeslaget tok tak i saka i samarbeid med Norges Bondelag.

Det offentlege kravet føresette gjennomføring av eit generelt opplæringskurs om dyrevelferd, pluss spesielle kurs for kvar husdyrproduksjon. Fleire lokallag starta i dette høve studeringar for husdyrbrukarar, og fylkeslaget hadde kontakt med sau- og geiteavlslag om kursopplegg for småfe.

Bondelaget som organisasjon arbeidde intenst med saka, med spesiell vekt på å få godkjent agronomutdanning og realkompetanse som tiltrekkeleg kompetanse. Utfallet vart at Landbruks- og Matdepartementet oppheva kravet om utdanning ved hald av husdyr. Forskrifta si formulering om nødvendig kompetanse ved hald og stell av husdyr, gjeld framleis. Hordaland Bondelag oppmodar difor medlemmane til å delta på kurs som gir oppdatering.



**Hordaland Bondelag har også uttalt seg i følgjande saker:**

- Høyring av melding med framlegg til KU-program for Holmen kraftverk, Voss.
- Fylkesdelplan for småvasskraftverk i Hordaland.
- Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemid i Hardangerfjorden.
- Forskrift om transport med ferje, fortrinnsrett for veterinærer.
- Forvaltningsplan for Nordåsvannet Vassområde.
- Handlingsplan for økologisk landbruk.
- Eggpris fra Nortura.
- Sal av landbrukseigedom på Bømlo.
- Kjøring med bred redskap langs veg.
- Klimautfordringene - landbruket en del av løsningen.
- Vernehjemmel i jordlova.
- Høring av planprogram – Regional plan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (Uttale saman med Telemark Bondelag og Agder Bondelag).
- Konsekjon til erverv av gnr 126 bnr 3 Hope i Lindås - Mongstad Vekst AS

**Plasser pengene  
i veksthus**

**3,20%**

rente fra første krone på vekstkonto.  
Vekstkonto er en sparekonto forbeholdt  
medlemmer av Norges Bondelag.

Lokal- og fylkeslag får også de samme  
betingelsene ved å opprette vekstkonto.

Vekstkonto åpner du på  
[www.landkredittbank.no/nb](http://www.landkredittbank.no/nb) eller 815 52 250.

NORGES BONDELAG

Landkreditt Bank

## SAMARBEIDSORGANISASJONAR

### Bygdekvinnelaget

Bygdekvinnelaga i Hordaland har i 2009 hatt eit stabilt år med 37 lokallag og eit medlemstalet på 868. Lokallaga rapporterer om mange medlems- og styremøte som vitnar om god aktivitet, sjølv om nokre lag slit.

Styret i HBK har hatt 9 styremøte og handsama 56 saker. Heimesida til fylkeslaget er oppdatert, og ein har prøvd å ta del i samfunnsdebatten ved kronikkar/ lesarbrev. Styret har elles vitja 5 lokallag og arrangert samling for lokallagsleiarar og regionmøte for laga i Midt- og Nord- Hordaland krets. Fylkesleiar Liv Spilde møter i styret i Hordaland Bondelag og er utsending til årsmøte i HB og NB.

HBK er registrert i Brønnøysund registeret, og kan no motta midlar via grasrotandelen i Norsk Tipping. Bygdekvinnelaga i Hordaland har gjennom fleire år samla lokale ord og uttrykk som har vore brukte fram gjennom tidene. Hausten 2009 kom orda i bokform ”Ord og uttrykk ved Hordaland Bygdekvinnelag”. Den har vore populær og andre opplag allereie snart utseld.

Vi vil takke Hordaland Bondelag for at dei alltid stiller opp med god hjelp når me treng det, og avsluttar med NBK sitt nye slagord:

**BYGDEKVINNELAGET – ein moderne møteplass!**



*Styret i Hordaland Bygdekvinnelag*

## Hordaland Bygdeungdomslag (HBU)

HBU har hatt eit flott og framgangsrikt år med mye aktivitet. Voss BU det største lokallaget med rundt 200 medlemer og mange og gode aktivitetar. Dei andre lokallaga er Kvam BU, Søre Sveio BU og Kvinnherad BU, som er nytt.

I april stilte HBU på folkmøtet med landbruksministeren i Bergen, og i mai skipa dei til swinginstruktørkurs for lokallaga. HBU-medlemer har vore med på haustkurs i Trøndelag, haustarrangement i Akershus og ”No e’ da min tur-samling i Kvinnherad. I haust skipa dei til haustkurs for lokallaga.

NBU sitt årsmøte og landsstemne i juli vart ein jubeltur for Hordaland. Dei 9 representantane på årsmøtet kunne stolt ta i mot NBU-klubba: prisen for det beste fylkeslaget 2008 /2009! HBU vart også godt lagt merke til på resten av stemnet med fleire gode tevlingsresultat, ein svært godt gjennomført temakveld og utdeling av smalahove.

Leiar Ingrid Tennebekk Bjørke oppmodar bondelaga om å støtta bygdeungdomslaget der de held til, både økonomisk og med. Dette kan få alvorlege konsekvensar som auka trivsel på bygda, og ungdommar som ynskjer å flytta heim att etter skulegang og reising.



*Utsendingane frå Hordaland på årsmøte i NBU*

## Fagforum Inn på Tunet Hordaland

Fagforumet hadde årsmøte på Leitet Gard på Sotra, der utsendingane fekk omvisning på garden til Kristofer Lie. Årsmøtet kom ikkje i hamn med valet, og det vart difor innkalla til eit ekstraordinært årsmøte. I november vart det årlege hausttreffet arrangert, denne gongen på Voss. Hordaland Bondelag stilte på begge møta.

## Økonomiske og juridiske tenester

Norges Bondelag samarbeider med 410 retneskapskontor og 45 advokatkontor. Gjennom dette samarbeidet får bondelaget sine medlemer tilgang til kvalitetssikra tenester som retneskapsføring, økonomisk- og juridisk rådgjeving.



Flotte retneskapsførarar på bondelaget sitt skattekurs i haust.

## Retneskapskontora

I Hordaland er det 17 retneskapskontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei får mellom anna fagleg oppdatering gjennom årlege kurs.

Økonor Nordhordland	ISDALSTØ	56355580
Bøndernes Retneskapslag	UGGDAL	53432036
Fana Sparebank Regnskap AS	BERGEN	55919800
Økonor Fusa	FUSA	56580080
Halsnøy Retneskapskontor AS	SÆBØVIK	53474100
Hardanger Retneskap	ØYSTESE	56553440
Hardanger Økonomiservice AS	EIDFJORD	53664400
J. Bleie aut. regnskapsfører	NÅ	53643017
Real Økonomi AS	ISDALSTØ	56351975
Kontor- & Økonomiservice	LONEVÅG	56390490
KS-Retneskap AS	ROSENDAL	53482430
ReNett AS	PARADIS	55924173
Ullensvang Retneskap ANS	LOFTHUS	53661128
Ullensvang Retneskapslag	UTNE	59666953
Ulvik Retneskapslag	ULVIK	56526480
Vekstra Voss	VOSS	56520770
Vossestrand Retneskapskontor BA	VOSSESTRAND	56522611

### Advokatkontora

I Hordaland er det tre advokatkontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei har spesiell kompetanse på landbruks-, eigedoms- og skatterett i tillegg til vanlege juridiske spørsmål. Avtala omfattar ikkje rabatt på honorar.

#### Kontor med samarbeidsavtale:

Advokatane Hove og Winjum og Håkonsen	55 21 01 70	Bergen
Advokatane Øyvind Kvåle og Gunnar Skeie	56 55 12 77	Norheimsund
Advokatfirma Harris	55 30 27 00	Bergen og Norheimsund

Medlemer kan også kontakte Rekneskap og Juridisk avdeling i Norges Bondelag for å diskutere økonomiske eller juridiske problemstillingar. Eventuelle utreiingar vert fakturert til gunstige prisar.

### Gjensidige Forsikring

Gjensidige er ein sentral samarbeidspart for bondelaget. Vi har nær kontakt med assurandørene på landbruk, og har årleg møte om felles arbeidsplan. Bondelaget og Gjensidige samarbeidde om Landbrukets HMS-pris i form av kandidatbesøk og prisutdeling. Gjensidige delte ut prisen på årsmøtet 2009.

Alle lokallag har ståande invitasjon om å ta kontakt vedrørende faglege spørsmål og deltaking på lokal møte eller arrangement.



Tor Egil Lie og Svein Rusten i Gjensidige

### Landkreditt Bank

I januar 2009 underteknna Norges Bondelag og Landkreditt Bank ei samarbeidsavtale som gir bondelagsmedlemer gode fordelar. Vekstkonto er ein sparekonto som bare medlemene i Norges Bondelag og Landkreditt kan få. Kontoen har til ein kvar tid bankens beste innskotsrente og vil vere eit av marknadens beste sparetilbod.



Banken tilbyr også gebyrfri nettbank og bankkort, nye lån utan gebyr, leasing, fondsparing og pensjon. Les meir på [www.landkredittbank.no/nb](http://www.landkredittbank.no/nb).

**ADVOKATFIRMAET HARRIS**  
*Juridisk bistand gjennom generasjoner*

Tlf. **55 30 27 00**

Fax **55 30 27 01**

Dreggsalmenning 10 12, P.b. 4115 Dreggen, 5835 BERGEN

Bergen

Norheimsund

Segndal

Forde

ADVOCATIA  
ADVOCATIA ADVOCATIA ADVOCATIA

[www.harris.no](http://www.harris.no)



**ADVOKATANE  
KVÅLE OG SKEIE ANS**

M.N.A.

Sandvenvegen 39 B, 5600 Norheimsund

Tlf. 56 55 12 77 - Faks 56 55 19 63

E-mail: [post@kvale-skeie.no](mailto:post@kvale-skeie.no) - [www.kvale-skeie.no](http://www.kvale-skeie.no)

**ADVOKATENE  
HOVE · WINJUM · HÄKONSEN**

Telefon **55 21 01 70**      Telefaks **55 21 01 99**

Jordskifterett – Odelsrett – Konsesjon - Boplikt – Arverett – Familierett

Postboks 344 Sentrum, 5804 Bergen  
Besøksadresse: Strandgaten 1

Felles e-post: [advok-ho@online.no](mailto:advok-ho@online.no)  
Internett: [www.advokat-hove.no](http://www.advokat-hove.no)

Advokat Harald Hove

Advokat Ivar Winjum

Advokat Marit H. Häkonsen

***Hordaland Bondelag******Resultatrekneskap 2009***

	Rekneskap	Budsjett 2009	Budsjett 2010
<b>Inntekter</b>			
Konsulentinnt.	6 300		
Kurs- og arrangement	137 263	250 000	
Annonseinntekter	34 000	25 000	
Andre inntekter.	120 334	30 000	
Rammebevilgning frå NB	622 800	623 000	
Tilskot og refusjonar	567 487	250 000	
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 488 184</b>	<b>1 178 000</b>	
<b>Kostnader</b>			
Lønn/godtgjerdssle	274 641	240 000	
Udstyr / inventar	13 032	15 000	
Revisjon	16 594	20 000	
Innleigde tenester		7 000	
Ekstra fylkesleiar			
Kontorkostnader	68 045	90 000	
Reisekostnader	98 814	150 000	
Møte og aktivitetar	377 833	360 000	
Annonser	26 009	2 000	
Aktivt lokallag	52 266	35 000	
Gåver/helsingar	10 395	9 000	
Bidrag / støtte	35 000	10 000	
Innsparingsplan NB		60 000	
Aktivitetar		200 000	
Særlege tiltak EU, WTO...			
<b>Sum Kostnader</b>	<b>972 626</b>	<b>1 198 000</b>	
<b>Finans</b>			
Gebyr	1 972		
Renteinntekter	10 837	20 000	
Avsett-tap på fordring			
<b>Resultat</b>	<b>524 423</b>	-	

# ***Hordaland Bondelag***

*Balanse pr. 31.12.2009*

<b>Eigendelar</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>
Kortsiktige fordringar	148 650	220 849
Avsett til tap på fordring	-10 000	-30 000
Mottatt innbetaling, avsett	-62 282	-8 156
Aksje	5 000	5 000
Kasse og bank	839 191	1 193 218
<b>Sum eigendelar</b>	<b>920 560</b>	<b>1 380 912</b>

## **Eigenkapital og gjeld**

**Eigenkapital:**

Egenkapital 1/1	668 936	742 226
Årsresultat	73 290	524 423
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>742 226</b>	<b>1 266 649</b>

**Gjeld:**

Leverandørgjeld	92 521	501
Trekk og avgifter	58 686	88 281
Kontingent for tilbakebetaling		7 269
Skuldig løn	15 349	18 212
Skuldig feriepengar	11 777	-
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>178 333</b>	<b>114 263</b>

---

<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>920 560</b>	<b>1 380 912</b>
----------------------------------	----------------	------------------

---

## **Orientering om rekneskapen til Hordaland Bondelag**

Rekneskapsprinsipp:

Rekneskapen er gjort opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Løn og godtgjersle:

Styremedlemmer får ei daggodtgjersle på kr. 600 for møter mellom 1 - 4 timer og kr. 1.400,- for møter over 4 timer. Nestleieren får ei fast godtgjersle på kr. 10.000,-. Leiaren får ei fast godtgjersle på kr. 90.000,- frå Norges Bondelag.

Tilsette:

Dei tre tilsette på kontoret har Bondelagets Servisekontor AS som arbeidsgjever.

# Bondesongen

Tone: Rett som ørnen stiger.

*All kultur er dyrken - først og fremst av jord.  
Det er moderstyrken, først bak plogen gror.  
Samfunnslivet frem, bygd og by og hjem.  
Første bonden var hele landets far.*

*Bonde du deg bøye, kun med spad og spett.  
Kronet blir din møye, adlet blir din ætt.  
Bygget blir ditt land, norske bondemann.  
Bygget blir ditt land, norske bondemann.*

*Jord du er vår moder, overalt ennu.  
Skifter livets goder. Trofast bliver du.  
Ligger hvor du lå, bygder hvor vi gå.  
Årvisst enn i dag, åndens underlag.*

*Jorden skal duære, hellig er din jord.  
Bonde skal du være, hedersnavn i nord.  
Signe Gud enhver som sin jord har kjær.  
Mens sitt liv han sår, på din grunn og gård.*

*Sammen skal vi drøfte bondens kår og kall,  
og vårt merke løfte foran tusentall.  
Fylke uten bram bondebæren fram  
så all verden ser hvor vår bonde er.*

*Sterk som havets bølge, Norges bondestand.  
Sine fedre følge, tro mot Gud og land.  
Bølg til tegn derpå blad og aks og strå,  
bølg fra stol til strand om vårt fedreland.*